



## ÅRSHEFTE 2014

# **OLAV SLETTA SELSKAPET**

## **ÅRSHEFTE 2014**

Forord	s. 1
Minneord - Juul Haganæs av Arne Skogheim	s. 2
1. Ny leiar – nytt fokus	s. 3
2. Takk til veteranar og andre som gir seg og sikrar endring	s. 4
3. Takk til veteranar og andre som blir og sikrar stabilitet	s. 4
4. Rapport frå møtet med Jørn Øyrehagen Sunde 3.10.13 på Vika	s. 5
5. Mi leseoppleving: Soga om Røgnaldfolket av Olav Sletto – Margarethe L'Orange	s. 11
6. Rekneskap 2013-2014	s. 15
7. Dette er Olav Sletto-selskapet	s. 17

## Forord

Årsheftet 2014 for Olav Sletto-selskapet blir noko annleis dette året enn tidlegare. Grunnen er at artikkelen om Anne Jensdotter Sletto, som var meint som fagstoff i Årshefte 2014, har vorte så omfattande, og stoffet så unikt, at Olav Sletto-selskapet vurderer å gi det ut i bokform.

Om tanken let seg realisere, vil Eva Almhjells artikkel få følgje av professor i rettshistorie, Jørn Øyrehagen Sunde, sin artikkel, basert på foredraget han held i Olav Sletto-selskapet i oktober 2013.

Originalt i dette heftet er at vi opnar ein serie vi kallar ”Olav Sletto-litteratur: Mi lesaroppleving”. Vi vonar Margarethe L’Orange si lesaroppleving kan vera starten på ein stafett, der vi inviterer medlemmene til å skrive og dele si lesaroppleving med andre i Olav Sletto-selskapet. Opplevinga vil bli publisert på heimesida vår [www.olvslettoselskapet.no](http://www.olvslettoselskapet.no) Vi ynskjer medlemmene god skrivelyst og gler oss til å lesa nettopp ditt bidrag!

I 2012 var det leiarskiftet i Olav Sletto-selskapet. Ny leiar gir nytt hovedfokus, som kort sagt set kvinne- og kulturperspektivet på Olav Slettos liv og litteratur på dagsordenen. Dette er vårt bidrag til å gi både den lokale og nasjonale historia eit større mangfald.

Eva Almhjell  
Leiar  
Olav Slettoselskapet

Tønsberg, juni 2014

## Minneord – æresmedlem Jul Haganæs



Foto: Eva Almhjell

**Juul Haganæs gjekk bort i 2013. Han var initiativtakar til etableringa av Olav Sletto-selskapet, og selskapets einaste æresmedlem. Arne Skogheim har skrivne nekrologen vi har med i dette årsheftet. Den vart publisert 18. juni 2013 i Hallingdølen og på heimesida vår [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) dagen etter.**

Valdrespoeten Jul Haganæs er død, 80 år gamal. Det kom heile 13 diktsamlingar frå hans penn, i tillegg til fleire biografiar, m.a. om Ola Viker og Sigurd Lybeck, og ei fin lita bok om Knut Hamsun si tid i Aurdal, ”Nu god Nat min Ven”.

Det måtte ein valdris til for å få holingane til å stifta eit litteraturselskap om den store hallingdiktaren, Olav Sletto. På seminaret som Kaare Wensaas hadde stelt i stand i år 2000, var Jul Haganæs ein av innleiarane. Han stilte spørsmålet om ikkje tida snart var inne for å stifta eit Olav Sletto-selskap. Med bakgrunn i Jul Haganæs sitt initiativ, vart selskapet skipa våren 2001. Han var styremedlem frå skipinga og til årsmøtet 2004. Då vart han utnemnd til æresmedlem i Olav Sletto-selskapet med takk for arbeidet han hadde gjort for å fremja interessa for denne diktaren som han sjølv sette så høgt.

Me er glade for å ha fått læra å kjenna det gode mennesket og diktaren Jul Haganæs, og me er takksame for at hans tankar lever vidare i litteraturselskapet som han tok initiativet til.

Arne Skogheim  
tidelegare leiar i Olav Sletto-selskapet


## 1. Ny leiar – nytt fokus

Då Eva Almhjell overtok som leiar i Olav Sletto-selskapet i 2012, fekk ho som grunnlag ei gavepakke i det grundige arbeidet som var gjort under Arne Skogheim si leiing. Då Arne Skogheim takka for seg etter 11 år, la han vekt på at ny leiing også ga moglegheit for nytt fokus, noko han såg på som både viktig og spennande.

Det nye fokuset kan kort kallast kvinne- og kulturperspektivet på Olav Slettos liv og litteratur. Vi arbeider med ulike prosjekt, men det er mykje spennande kvinnehistorie å hente hjå Olav Sletto, så dette blir hovedfokuset i arbeidet under noverande leiar. Rammene for arbeidet ligg i vedtektene og noko i årsplanene, men alt utviklingsarbeid er tufta på å gripe moglegheitene i prosessar som er i gang eller som vi sjølve set i gang. Det vi driv fram er nye utviklingsprosjekt, og arbeidsforma i styret, vil vera prega av dette: Å skapa og gripe moglegheitene!

I tråd med dette, ga Olav Sletto-selskapet i 2013 ut PER GJETAR, ei illustrert bok for ungar og vaksne, helst saman, bygd på Olav Sletto si bok nr. 3, Per Stavlang, i serien på fire om Per.

I 2014 arbeider vi med å realisere eit nytt bokprosjekt med bidrag frå Eva Almhjell, som skriv om Anne Jensdotter Sletto, mor til Olav Sletto, og Jørn Øyrehagen Sundes artikkel om lause ungar og lause kvinner i Norge, basert på foredraget han held i Hol i oktober 2013.



OSS bokprosjekt 2013



Anne J Sletto – OSS bokprosjekt 2014?

## 2. Takk til veteranar og andre som gir seg og sikrar endring



**Kåre Olav Solhjell** har vore styremedlem i selskapet heilt sidan starten i 2001. Han var deltakar på seminaret om Olav Sletto som førte til skipinga av selskapet. Då første årboka vart gjeve ut, i 2002, var Solhjell den sjølvsahte redaktør, ved sida av at han skreiv ein framifrå innleiingsartikkel til boka.

Den største innsatsen for Olav Sletto-selskapet var likevel gjennomgangen og katalogiseringa av den store samlinga etter Olav Sletto som no står i Hol bygdearkiv. Solhjell har ein enorm arbeidskapasitet, noko vi óg har sett i det omfattande arbeidet med bygdebøkene ”Hol i hundre år”. Denne kapasiteten har Sletto-selskapet fått nytte godt av i alle dei år Kåre Olav har vore styremedlem. Han har vore ein kunnskapsrik og stødig medarbeidar for oss andre i styret gjennom alle år. Dei som vil nytta seg av det omfangsrrike materialet som finst i arkivet om Olav Sletto, kan retta ein stor takk til Kåre Olav for det grundige og oversiktlege arbeidet han har gjort.

Kåre Olav varsla at han ville gå ut etter denne perioden (2012-2014) alt for to år sidan, då det var leiar skifte i Olav Sletto-selskapet. Men han let seg friste til å halde fram på grunn av arbeidet med boka PER GJETAR. Det var godt med den faglege støtta han ga den som sat med redigeringsansvaret! To leiarar, skiftande styrer og alle medlemmer takkar Kåre Olav Solhjell for hans store innsats for Olav Sletto-selskapet!

**Knut Medhus** har vore medlem av Olav Sletto-selskapet sidan starten og har i alle år leia arbeidet i valnemnda. No har ikkje utskiftinga i styret vore stor sidan starten i 2001, men Knut har med si utrulege kontaktflate aldri hatt problem med å finna nye og dyktige kandidatar til styreverva når nokon har vald å si takk for seg. Knut har aldri vore vanskeleg å be, og som radioredaktør var han sentral då lydboka med opplesingane frå ”Per Sjøøl” skulle gjevast ut. Radio Hallingdal stilte alt materialet gratis til rådvelde; ved hjelp av Knut sine kontaktar vart lydboka ein realitet, og heile opplaget gjekk radig unna. Knut Medhus si ekte kulturinteresse har vore ein styrke for Olav Sletto-selskapet i alle år.

**Elisabeth Aaker** har vald å avslutte som styremedlem etter ein periode, og vi takkar for hennar innsats.

## 3. Takk til veteranar og andre som blir – og sikrar stabilitet

Ola Ruud har også vore med frå starten i 2001. Han har sikra selskapet sin rekneskap i alle år. Vi kjenner oss trygge med Ola Ruud som rekneskapsførar og er svært takksame for at han held fram. Det same gjeld styremedlemmene Grethe Larsgard Rudningen og Britt-Mari Sletto. Vi nyttar også høvet til å takke revisorane våre, Borgny Thorsrud og Rangdi Skorve, og varamedlemene Eva Cecilie Sletto, Eli Sælid og Odd Oleivsgard, samt Turid Birgit Lien i valnemnda – alle held fram.



#### **4. Rapport frå ”Vika Akademiet” i Hol 3.10.13**

**Denne rapporten er laga med basis i nedteikningar som Grethe Larsgard Rudningen og Eva Almhjell gjorde under møtet med professor Jørn Øyrehagen Sunde då han vitja Vika velferdssenter i Hol, 3. oktober 2013. Den vart fyrste gong publisert 19. oktober 2013 på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)**

Spennande ord og varme vaflar vart det, som lova, for dei mange frammøtte til professor Jørn Øyrehagen Sunde si forelesing om den retthistoriske utviklinga for uægte børn eller lausungar, som dei også vart kalla, og mødrene deira på Vika velferdssenter i Hol torsdag 3. oktober 2013.

Det var eit sers lydhøyrte publikum som hang ved lepane til ein usedvanleg god formidlar om eit tema som for fleire både gamle og noko yngre folk er såre erfaringar frå eit liv der slike ting ikkje skulle snakkast om. Det å vera født som tausunge, som det heitte i Hol (taus=tøs=hore), var så skambelagt for både mor og ungar, at mange aldri kjem heilt over det. Framleis er temaet noko tabubelagt i det offentlege rom, og kan bidra til at det vonde gløymest. Ein må sleppe trolla ut i sola. Det er fyrst då dei sprekk!

##### **Ukomplisert om eit vanskeleg og samansett problem**

Øyrehagen Sunde snakka om rettshistoria frå langt attende i tida, kva som kjenneteikna tida, kvifor tilhøva var som dei var, kva slags endringar som kom, kvifor dei kom og korleis status er i dag. Ein professor som talar ukomplisert om samansette problem - utan å bruke faguttrykk (eller power point) - når fram til vanlege folk. Ikkje rart dette er ein prisløna formidlar!

Lause ungar er ungar som ikkje heilt høyrer til, starta Sunde. Dei er ungar til lause kvinner, altså ei kvinne utan relasjonar, ei relasjonslaus kvinne. Dette var folk vi skauv frå oss. Slik var det på Olav Sletto si tid på 1880-talet. Både mor og barn var omtrent rettslause. Ei viktig lov som stilte krav til barnefaren om å vera til stades ved barnets fødsel, og som ga mor rett til barnebidrag, kom i 1892, men den revolusjonerande endringa kom i 1915, med De Castbergske barnelover. No fekk uekte barn same

rett til fars namn og arverett på lik line med ekte barn, barn født innanfor ekteskapet. Det neste landet som innførte ei så radikal lov, var Sverige. Lova kom i 1960! Dei fleste land i verda har ikkje ei slik lov, sjølv no, hundre år seinare.

### **Tenestjenter – utilsikta drapsfolk – straff duger ikkje på moralen**

Tenestjenter var den største yrkesgruppa blant kvinner på slutten av 1800-talet og eit stykke utpå 1900-talet. Dei var elendig lønna, hadde ingen faglege rettar og var nederst på rangstigen blant arbeidsfolk, og det var dei som fekk flest lause ungar. Og ei makaber side av dei elendige tilhøve dei levde under var at tenestjentene også vart den gruppa som oftast tok livet av sine aldeles nyfødde ungar. Dei såg berre elende ved det å bli mor, og dei vart straffa enten dei beheld ungen sin eller drepte han eller henne. Strenge straffer som dødsdom, tvangsarbeid, bøter, fekk ikkje dødstala på nyfødte ned. Straff duger ikkje for å bli kvitt eit stort samfunnsproblem. Det er dei elendige levekåra, fattigdomen, som må utryddast for å få bedra moralen, som var målet med straffa. Det skjønte Eilert Sundt, prest og Norges fyrste sosiolog. I staden for å bruke den største prestepeikefingeren mot fattigfolk, peika han på samanhengen mellom moral og fattigdom. Øyrehagen Sunde la seg på same forklaringslina som Sundt.

### **Velferd for mor og barn duger – dødstala på drap i dølgsmål stuper**

Endringar som vi i dag nyt godt av som mødre og barn, kom med det store velferdsprosjektet etter krigen. Det var eit felles løft, sa professor Øyrehagen Sunde, og kjerna i prosjektet og rikdomen vi har skapt, er fordelinga. Mange statar har olje, men folket er ikkje velstående og godt utdanna for det. Berre dei få er rike. Fleirtalet lever framleis i fattigdom. Det som gjer Norge rikt, er mao. ikke olja, men ei ressurssterk befolkning med eit høgt utdanningsnivå og eit folk som trur på seg sjølv, og på dei viktige institusjonane i samfunnet – resultatet av ein nokonlunde rettferdig fordelingspolitikk over lang tid. Med denne utviklinga kom lovverk på 1970-talet og framover som sikrar ungane som eigne rettssubjekt.

Skrivaren legg til for eiga rekning: Kvinnekampen på 1970-talet bidrog strekt til denne styrkinga av kvinners og barns rettar i samfunnet. Den høvde ellers godt saman med profesjonaliseringa av omsorgsarbeidet i samfunnet, for no toga husmødrene ut av heimen, og tok på seg omsorgsoppgavene dei før hadde hatt ansvaret for der – mot løn for same arbeid - utanfor heimen. Slik vart omsorga også del av BNP. Det kallast altså profesjonalisering av omsorgsoppgavene i samfunnet.

I dag forstår heldigvis ikkje unge folk og ungar begrepet lausunge. Det fins 30 000 av dei i Norge i dag, mot 3000 for vel hundre år sidan. Halvdelen av ungane har foreldre som ikkje er gift. Begrepet er utdatert fordi levekåra er endra. Men sjølv om staten deler ansvaret med familien, så er framleis einslege mødre ei av dei fattigaste gruppene i Norge.

### **Kontroll med kvinners seksualitet i alle samfunn**

Alle samfunn har regulert kvinners seksualitet. I Norge var eksempelvis sambuarskap forbode heilt fram til 1972. Også vikingsamfunnet regulerte kvinner seksualitet, men den gongen hadde dei ikkje lause ungar. Dei hadde ungar – og kvinner - som hørde til. Ein viking kunne vera gift med så mange han ville, og ha så mange friller han ynskte. Kvinnene var forstått som erotiske vesen, med rett til skilsmisse dersom mannen ikkje dugde – som mann. Men den vikingkvinna som held seg med ein trell i senga, og det vart barn av det, ho vart sjølv trell. Standsskilnadene var sterke!



### **Ikkje gi institusjonane skulda –**

#### **sjå på dine egne val i kvardagen og verknadene av dei på kort og lang sikt**

Det skulle bli annleis framover på 1200-talet, då den katolske kyrkja styrka si stilling monaleg. Og no venta vi i salen på at det kom ei breidside mot kyrkja. Men det gjorde det ikkje. Tvert imot.

Øyrehagen Sunde understreka at i mellomalderen var prestar generelt nokså lemfeldige i omgangen med straffetiltak overfor lause kvinner, kvinnfolk, som dei vart kalla då. Mange av prestane var sjølv lausungar (sølibat i den katolske tida hindra ikkje sex), og, sa han, kristendomen baud også på føremoner for kvinnene: Dei fekk m.a. samtykkerett, og kvinner kom betre ut i lovverket – med eitt unntak: Kvinner som fekk barn utanfor ekteskapet. Var det då fyrst og fremst ekteskapet som styrka stillinga si, kan ein spørje. Kristendomen har ikkje skulda for dei elendige tilhøva lause kvinner og deira lause ungar levde under i og etter mellomalderen. Mellomalderens gud var ein forhandlingsvillig mann, og ved å gjera bot (pilegrimsreise, t.d.) kunne ein gjera seg ferdig med saka og starte på nytt. På 1800-talet var guden ein hevngjerrig og straffande gamal mann. Alt, frå uår og svelt (grunna global temperaturnedgang) til sjukdom som syfilis (som vart importert med Amerika-mobiliteten) vart forstått som guds straff. Kyrkja si interesse for sex og (u)moral vart styrkt.

Kvinnene låg dårleg an! Likevel: Det er så lett å skulde på institusjonane, kyrkja t.d., for all urett som skjedde den gongen – og no, men vi må heller rette blikket mot oss sjølve og sjå på kva slags val vi sjølve tek i kvardagen, og konsekvensane av vala våre på kort og lang sikt, meinte forelesaren.

### **Olav Sletto – sjølv eit uekte barn**

Holingsforfattere Olav Sletto, sjølv lausunge, står altså i ein fleire hundre år gamal tradisjon. Og tenestjenta Anne, mor hans, var ei modig kvinne i si tid. Ho beheld ungane, og kunne det, takk vera sine egne foreldre. ”Livet har vist oss at ungar født utanfor ekteskap kan gjera det bra i samfunnet, slik Olav Sletto sjølv er eit prov på,” sa Øyrehagen Sunde.

### **Tilhøyrar-røynsler**

Det gjorde sterkt inntrykk då Kåre Gåsbakk frå Ål gjekk fram til forelesaren og sa at dette var hans møte, for han var ein lausunge. ”Sjå på meg”, sa Gåsbakk, ”slik ser ein lausunge ut!” Vi fekk høyre ei lys historie frå Gåsbakk, som fekk ein god sosial far då han var to år gamal og hadde det godt i sin familie. Ikkje vart han plaga av andre ungar, heller. Men mor hans ville ikkje snakke om det guten hennas vart meir og meir oppteken av: Kven var (biologisk) far? Og kvar var han å finne? I jakta lukkast han finne faren sin før det var for seint, og då han fann faren, fann han også fleire halvsysken, som alle ynskte den ukjende velkomen i familien.

### **”Ein skrekkeleg urett –”**

Ikkje alle har ei så lys historie å fortelja. Røynsler eit par generasjonar attende frå Island synte at øyfolket i vest var i slekt med oss når det gjaldt skamma over å ha fått ein laus unge, og Osvald Medhus gremma seg over det han hugste tå korleis dei vaksne snakka om tausungane under hans oppvekst. Måten dei ordla seg på, tonefallet, stemmebruken: ”Vi fekk det med oss, om vi var ungar. Det er ein skrekkeleg urett som har ramma både aleinemødrene og ungane deira”, sa Medhus, som understreka at dette galdt omtala av tausungar utanfor bygda. Bygdefolk held unda for bygda sine egne.

Medhus oppsummerte ellers eit livleg ordskifte slik: ”Vi har spøkt med at vi som går her på velferdssenteret deltek i ”Vika Akademiet”, og no har vi høyrte ein professorar som snakkar til oss på ein måte som aukar kunnskapen vår mange hakk. Då er kan hende ”Vika Akademiet” ingen spøk lenger, heller”.

### **Takk til publikum, samarbeidspartar og Hol Sparebank**

Eg vil også nytte høvet til å takke alle som møtte på Vika velferdssenter og bidrog med røynsler, spørsmål og kommentarar denne kvelden. Det var eit sers godt publikum, meinte den røynde foredragshaldaren.

Vaffel-teamet frå Geilo med Liv Gauteplass i spissen, og andre som kom med kaker, skal ha ein ekstra stor takk for den timelege trakteringa.

Sist, men ikkje minst: Hol Sparebank har støtta Olav Sletto-selskapet økonomisk, så møtet kunne gjennomførast. Ei god investering, dette!

På initiativ frå Olav Sletto-selskapet vart møtet eit samarrangement mellom Olav Sletto-selskapet, Hol Historielag og Leveld Kunstnartun. Takk til samarbeidpartane!

Eva Almhjell, 4.10.2013

## 5. Mi leseoppleveling - Olav Sletto ”Soga om Røgnaldfolket”. Margarethe L’Orange



Presten Silju rømde til fjells på leiting etter åndsmennesket i seg (Foto: Eva Almhjell)

**I fjor sommer satte jeg meg fore å lese Soga um Røgnaldsfolket. Per-bøkene hadde gjort inntrykk på meg, og nå var jeg nysgjerrig på om denne bokrekka også ville fenge en moderne leser. Det ble en leseopplevelse.**

Enhver leser lager seg sine egne bilder. I løpet av de fem delene av Røgnaldsfolket blir det mange personer og mange historier som gjør inntrykk. Og bildene, enten det er av landskap, gård og grend eller personer, kommer lett.

### **Mange måter å lese på**

Så hva handler bøkene om, hva er temaet?

For meg ble det først og fremst historien om ”det store hamskiftet”, hvordan den nye tida rykket inn i Hallingdal og omformet det gamle bondesamfunnet til det Hallingdal vi kjenner i dag.

På det indre plan: Om å finne seg selv. Menneskets kamp for å bli et helt menneske gjennom å realisere sine evner og muligheter. I hovedpersonen Lars Silju kjemper presten og kunstneren i han denne kampen.

Hvordan makter vi å se og anerkjenne hverandres virkelighet? Lars Silju, kona hans Gro, eldstesønnen vesle Reginald, den kloke Gamle-Be, den karismatiske legpredikanten Sjugurd Sandstad, fjellbonden Raudmyrsdølskjempa – både disse og flere av de andre personene strir med det. Setter vi pris på hverandres sterke sider og anerkjenner våre nærmeste for dem? Så er dette også historien om et ekteskap som forvitrer fordi de så ulike ektefellene ikke ser hverandre og ikke makter å nærme seg hverandre?

### **Et bredt persongalleri**

Mange personer blir vi kjent med, og mange skjebner rulles etter hvert opp. Noen mysterier koster forfatteren også på seg. Han legger ut ledetråder, men for en leser i våre dager er det ikke altfor vanskelig å forstå hvor de leder hen. Likevel holdes interessen ved like.

Med små virkemidler får Olav Sletto fram de ulike karakterene. Han ser menneskene - og dømmer dem ikke. Personene blir levende; også bipersonene gjør Sletto seg flid med. Begynnelsen på romanen der skyssholderen Embrik kjører presten Silju til hans nye kall, er kostelig. Hallinglynnnet er tatt på kornet både der og i mange små og store episoder og hendelser utover i bøkene. Selv om mange av historiene er alvorlige og til dels tragiske, mangler det ikke på humor, et lite blink i øyet og et ørlite skeivt blikk på kultur og væremåte. Hallingmålet er en fryd å lese.

Olav Sletto viser seg i Per-bøkene som en stor skildrer av barn og barndom. Barna i Soga um Røgnaldsfolket er bipersoner, men de er gitt liv og personlighet, både barna i prestegården og på fjellgården Dyreskard og andre barn som opptrer i ulike episoder.

### **Prest og bildehogger**

I sine nye omgivelser er Lars Silju en uvant og uvanlig prestemann. Han verken ser ut som en eller ter seg som en, slik bygdafolket er vant med. De tradisjonelle embetsmennene med røtter i byen, deres by-fruer og de ulike teologiske typene er fornøydlig skildret der Lars Silju, og etter hvert kona hans, møter de andre prestene og -fruene i prostiet. Overfor bygdafolket klarer han likevel aldri å fri seg fra rollen sin, han blir aldri en av dem, men alltid *presten*, selv om han gifter seg med Gro Nordåker.

Lars Siljus historie er ledetråden gjennom de fem bindene. Hans utvikling er sterkt preget av den kalde og myndige fostermoren. Etter hvert klarer han å rive seg løs, men hun blander seg stadig inn i samvittigheten hans. Han har lagt en kort, men kunstnerisk vellykket karriere som billedhogger bak seg og går med hele seg inn for prestegjeringen. Men kunstneren trenger seg stadig på, og da det skal bygges ny kirke, kan han ikke stå imot, men begraver seg nærmest i å skape apostelskulpturer og utforme alterpartiet. Noe av problemet blir at han ser på kunstneren i seg som en frister, samtidig tviler han på prestekallet. Så får han det for seg at kallet hans er nettopp å lete, at han må miste det han har, for at han skal kunne finne det han leter etter.

I sine gode presteperioder er Lars Silju godt likt av bygdafolket og håndterer mange vanskelige saker og skjebner med stor kløkt. Men så fjerner han seg fra dem. Kastene mellom prestekallet og kunstnerkallet er en sentral del av Lars Siljus liv og sinn, og det dominerer slik at han ikke ser verken kone, barn eller andre som trenger han. Gamle-Be og Vesle-Børghild er dem han betror seg til og diskuterer med. Og den livsfjerne cand. theol. Varangers historisk-filosofiske verk blir også en kilde han søker til for å finne veien videre.

Åndskampen får en positiv slutt. Humanismen blir det som forløser Lars Silju. Folkehøyskolemannen Sletto legger igjen sitt spor.

### **Kvinnene**

Fremst i minnet står Gro, som blir Lars Siljus kone, og sommergjesten Frøken B. Larsen, som blir tatt opp i husholdningen og blir kalt Gamle- Be. Men også den lettlivete Vesle-Børghild som er svært forelsket i Lars Silju, og mener at det bare er hun som forstår han.

Hun som blir Lars Siljus kone, datter av Røgnald Nordåker, hvorfor har Sletto gitt henne navnet Gro? For meg står det som det er nettopp det hun ikke greier: gro ut av de eldgamle tradisjonene, vokse inn i rollen som prestefrue, utvikle seg mot sin ektemann. Hun er skildret som sterk, sann, ærlig, vår og stolt, svært opptatt av hva som sømmer seg.

Gro og Lars' kjærlighetshistorie og bryllupsreisen til fjells er nydelig skildret. Kjærligheten og lykken gjenspeiles i skildringen av fjellandskapet. Men Gros glede viker for stoltheten. Hun klarer ikke å akseptere mannens kall som kunstner, og heller ikke rollen som prestefrue. Men da det blir nødvendig å styre gårdsdriften, gjør hun det med stor kraft. Og mot slutten av romanen tar hun en stor og alvorlig beslutning som kaster om på livet til dem alle sammen.

Alle kvinnene av Røgnaldsfolket har det til felles at én gang i livet gjør tilværelsen et kast, og de tar skjebnesvangre valg som kommer til å prege hele deres videre tilværelse.

Det gjelder Gamle-Be, den kloke, men også den som lenge presser på Lars Silju for at han skal realisere sine kunstnerer, så vel som den livlige og lett overflatiske Vesle-Børghild.

Mye blir sagt mellom linjene, også mellom hovedpersonene. Og det at det ikke blir snakket rett ut, fører til misforståelser og uforstand med store og skjebnesvangre følger.

### **Kan ikke bøye seg**

Selv om presten Lars Silju er hovedpersonen, har flere andre også fått stor plass. Tittelen på romanverket, Soga um Røgnaldsfolket, viser til et større lerret enn Lars Silju og hans kamp med seg selv. Etter hvert kommer det fram at mange av personene har felles slektsrøtter og felles personlighetstrekk til tross for de ulike skjebnene. Stolte, stridbare, lukkede; alle bærer de sin historie for seg selv. "Røgnaldsfolket kan ikke bøye seg, de må briste." Røgnaldsfolket er selvbevisste og hovmodige, stolte og æreskjære. De har alltid tatt loven i egne hender for å ordne opp i saker som gjaldt dem selv. De vil leve og dø med lukket munn.

Den første personen Lars Silju møter, da han kommer til prestegården, er Røgnald Nordåker. Han kommer og går gjennom hele romanverket, men vi blir aldri riktig kjent med han, og det blir ikke Lars Silju heller, til tross for at de blir familiært knyttet til hverandre og bor på samme gård.

Røgnalds bror, Helleik, er en tragisk skikkelse, som får en slags oppreisning etter hvert. Vi forstår tidlig at det er noe spesielt med han, og når han ikke lenger klarer å bære en årgammel urett, tar han en vel og lenge overveid (blod)hevn. Like så rolig tar han straffen og nekter til og med benådning under den femten år lange soningen. Med predikanten Sjugurd Sandstad, som kaller seg apostel og er en karismatisk predikant, og den sprenglærde teologen og filosofen Varanger får vi personifisert pietismen og grundtvigianismen i kristenlivet. Selv om disse to, og Silju, er representanter for hver sine teologiske retninger, klarer Sletto å gjøre dem til levende personer, med sine gode og dårlige sider. Heller ikke her mangler det humor.

### **Et bredt lerret**

Det vil føre for langt å skissere alle personene vi blir kjent med. Her er mange skjebner og mange ulike livsløp. Jeg tenker at de til sammen gir et bilde av bygdesamfunnet slik det var, og slik det utviklet seg. Her er den vise, gamle ungen Tor som bor på gården, den sky småbrukeren Lars Uppset og naboene hans, den kloke, liberale klokkeren og ordføreren, familien på fjellgården Dyreskard, tjenestejentene Lange-Mari og Tørønd, anleggsarbeiderne, den nye tidens mann, ingeniør Wilhelmsen, handelsbetjenten Helge og mange andre. Alle er de representanter for tiden og stedet, men Sletto gjør dem levende for meg. De gjør inntrykk på meg og blir personer og ikke bare romanskikkelser. Her er mange romaner i romanen.

## **Det gamle og det moderne Hallingdal**

Det gamle bondesamfunnet med sine skikker og sin kultur forandres når først jernbanen kommer, og så med den framveksten av stasjonsbyen med bolighus, gater, hotell, bokhandel og etter hvert elektrisitet, telefon og kino. Det blir arbeid å få utenfor garden for de unge bondesønnene og også for døtrene. Jeg får mange og gode bilder både av det gamle samfunnet og hvordan det nye etter hvert vokser fram. Her er skildret arbeidsliv og politikk, sed og skikk, bryllup og begravelse, hilsemåter, husgeråd, innredning og innbo.

Bildene mine blir også en salig blanding av Holet med kirka, lia, gårdene og fjorden, Sudndalen og Vats, godt mikset med stasjonsbyen Geilo.

## **Menneskene og maktene**

Kort sagt: mystikk, symbolikk, humanisme og realiteter, og en kjærlighetshistorie eller to, i god blanding. Dette er ingen folkelivsskildring, selv om det er det også, men en skildring av menneskene og menneskesinnet der utviklingen av bygdesamfunnet og bygdemenneskene er en nødvendig bakvegg.

I Slettoselskapets årshfte for 2013 finnes forfatteren Alf Larsens essay om denne romanen i fem deler. I ettertid har jeg hatt nytte av å lese dette. Men gleden av å gå inn i bøkene med fritt og åpent sinn uten forutinntatte meninger og ferdiglagete bilder synes jeg alle nye lesere skal unne seg. Så mitt råd blir: Les bøkene først og essayet og andre referater og tanker om Røgnaldsfolket etterpå.

Nå har jeg lagt ut noen av trådene jeg fant. Du har forhåpentlig fått lyst til å lese selv. Kanskje du finner andre tråder og andre temaer som griper deg? God lesning!

## **6. Rekneskap – Olav Sletto-selskapet 2013/2014**

<b>VR Resultatregneskap 2013-14</b>		
<b>Olav Sletto-selskapet</b>		
<b>Driftsinntekter</b>	<b>2013-14</b>	<b>2012-13</b>
Boksalg	26 580	
Medlemspengar	15 400	8 980
Gåver og tilskot	52 500	2 500
Loddsalg årsmøtet	2 030	1 200
<b>Sum driftsinntekter:</b>	<b>96 510</b>	<b>12 680</b>
<b>Driftskostnader</b>		
Trykking av årshäfte	4 115	6 748
Kontorutgifter, porto	4 574	2 877
Div. møteutg., årsmøte	2 609	391
IT-kostnader	885	2 886
Kostnader bokprosjekt	51 000	3 325
Annonser	7 620	
Avskrivning boklager	5 000	
Diverse utg	349	1 399
<b>Sum driftskostnader:</b>	<b>76 152</b>	<b>17 626</b>
<b>Driftsresultat:</b>	<b>20 358</b>	<b>-4 946</b>
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>		
Renteinntekter	82	134
Renteutgifter		2
<b>Årsoverskot</b>	<b>20 440</b>	<b>-4 814</b>



<b>VR</b>		
<b>Balanse 2013-14</b>		
<b>Olav Sletto-selskapet</b>		
<b>Eigendeler</b>	<b>2013-14</b>	<b>2012-13</b>
Boklager	12 554	17 554
Bank - kto. 2333.22.62998	8 806	5 923
Bank - kto. 2333.34.05334	26 511	3 954
Kassa		
<b>Sum eigendeler:</b>	<u>47 871</u>	<u>27 431</u>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
Eigenkapital	47 871	27 431
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<u>47 871</u>	<u>27 431</u>

Rekneskapen er utarbeidd med gratisprogram frå VR-landbruksdata as, 5700 Voss

Hol, den 4. juni 2014.

Olav Sletto

## 8. Dette er Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto-selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemdar, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet er ein sjølvstendig juridisk person, skipa 3.mars 2001 i Hol.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap. Dette kan gjerast m.a. ved:

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Vi viser ellers til årsplanene for Olav Sletto-selskapet.



har støtta Olav Sletto-selskapet sitt årsmøte 2014 med kr. 5000.-. Selskapet takkar mykje for dette.